



SOLUND IDRETTSLAG

ÅRSMØTE 2015

28. februar 2016 kl. 16.00-18.00 på Idrettsbygget

Tilstade:

Michael Nieser, Kjell Mongstad, Kent Inge Strand, Heidi Sanden, Irene Sanden, Sissel Kråkås, Ingvar Mårstig, Jan Petter Færøy, Nina Engevik, Kari Einen og Mark Elvevåg. Kim Arnes (frå kl. 17.00). Sissel Kråkås og Micheal Niesar måtte gå kl. 18.20, før vedtak av sak 12.

Alle som var tilstade var stemmeberettigede.

Trekking av premiar

Vinnarar av premiar etter juleturnering i Sendebrettlaugget.

Capser:

Håvard Mongstad
Jan Kåre Nessen
Julian Osvoll

Laugsdisk:

Geir Kåre Ynnesdal

Sendebrett:

Silje Østby Thune
Julian Osvoll

Bag:

Tor Arne Hauge

Hettegenser – lengst avstand (2.6 mil):

Åsmund Røed

Familiekopp/caps (2 effekter):

Fam. Einen Osland
Fam. Bukkøy Natvik
Fam. Engevik
Fam. Lerpold-Hauge



Saksliste:

Alle vedtak var samrøystes.

Sak 1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkallinga og sakslista vart godkjente med merknad om at innkallinga ikkje hadde vore sendt ut til medlemmer. SIL bør til neste år vurdere å nytte elektronisk innkalling i tillegg til andre kanalar.

Sak 2. Val av møteleiar

Vedtak: Irene Sanden

Sak 3. Val av referent

Vedtak: Kari Einen

Sak 4. Val av representantar til å skrive under møteboka/protokollen

Vedtak: Mark Elvevåg og Nina Engevik

Sak 5. Godkjenning av årsmelding 2015

Det vart gjeve korte presentasjonar frå dei ulike gruppene. I tillegg opplesing av SIL sin årsrapport. Gruppeårsmeldingane er publisert på SIL si heimeside og var tilgjengelege på årsmøtet.

Vedtak: Årsmeldingane 2015 vart godkjende med tillegget at det i SIL sin årsmelding skal inkludrast informasjon om Solund Sendebrettlag og den store aktivitet som denne undergruppa har skapt i 2015.

Sak 6. Godkjenning av rekneskap 2015

Heidi Sanden og Kjell Mongstad gjekk igjennom rekneskap for SIL og Solund Sendebrettlag.

Vedtak: Rekneskap 2015 vart godkjent.

Sak 7. Budsjet 2016, jf. vedlegg

Heidi Sanden og Kjell Mongstad gjekk igjennom budsjett for SIL og Solund Sendebrettlag.

Vedtak: Framlegga til budsjett 2016 vart godkjende med tillegget at styret i SIL får fullmakt av årsmøtet at i 2016 utbetale oppsparte midlar for realiseringa av kunstgrasprosjektet. SIL skal til ein kvar tid har minst 50.000 kroner på bankkontoen.

Sak 8. Sak om Solund Sendebrettlag som ei undergruppe av SIL.

Solund Idrettslag vedtok på styremøte 09.09.15, sak 37/15, at Solund Sendebrettlag vært tatt opp som ei gruppe i SIL. SIL er positiv til at Sendebrettlaget kan kreve eigen kontingent, i tillegg til at laugsmedlemmar er medlemmer i SIL. Sendebrettlaget får løyve til å knytte sin eigen laugskonto, kontonr. 3705 29 38016,



til SIL sitt organisasjonsnummer og dermed la kontoen følge SIL sin kontoportefølgje. Leiaren i Sendebrettlauset vert, saman med kasserar i SIL, gjeve disposisjonsrett og nettbanktilgang på Sendebrettlauset sin konto. Discgolf er ein positiv aktivitet i Solund og for alle aldra som stemmer med SIL sine visjonar om fysisk aktivitet.

Vedtak: Solund Sendebrettlaug vart formelt tatt opp som ei undergruppe av SIL. Solund Sendebrettlaug krev eigen laugskontingent i tillegg til at laugsmedlemmar også er medlemmar i Solund Idrettslag (jf. lovnorm for Solund Idrettslag §4). Solund Sendebrettlaug får løyve til å knytte sin eigen laugskonto, kontonr. 3705 29 38016, til SIL sitt organisasjonsnummer og dermed la kontoen følge SIL sin kontoportefølgje. Alle framtidige store investeringar skal vedtakast i SIL sitt styre eller årsmøte. Ettersom Sendebrettlauset er ei undergruppe i SIL skal Senebrettlauset profilere også SIL.

Sak 9 Medlemskontingent – også innan Solund Sendebrettlaug

Medlemskontingenten 2015:

- Familiemedlemsskap (familie + barn t.o.m 18 år): 700,-
- Vaksen: 400,-
- Barn (t.o.m. 18 år): 250,-
- Student: 250,-
- Støttemedlem (ikkje aktiv): 200,-
- Årleg eigenandel nøkkel trimrom: 400,-

Vedtak: SIL beheld eksisterande kontingent satsar for 2016. Solund Sendebrettlaug sine laugsmedlemmer må være medlemmer i SIL i tillegg til Sendebrettlauset sin kontingent på kr. 100,- (kr. 50,- for barn under 18 år).

Sak 10 Vedta Lovnorm

Endringar frå 2015: Krav om å oppnemne ein ansvarleg (tillitsvalt eller tilsett) for barneidretten og å holde digitale medlemslister. I tillegg endring av frister (idrettsregistrering og momskompensasjon).

Vedtak: Lovnorma vart vedteken med tillegget at det i §15b skal stå «minst 4 styremedlemmer».

Sak 11 Val

Irene Sanden, Kim Arnes og Kari Einen var på val. Alle tok attval.

Val av leiar

Irene Sanden – 1 år

Val av nestleiar

Årsmøtet gav styret i oppdrag å velje nestleiar når styret skal konstituerast.

Val av styremedlemmer

Kari Einen – 2 år



Kim Arnes – 2 år

Ikkje på val:

- Mark Elvevåg – 1 år igjen
- Nina Engevik- 1 år igjen
- Michael Niesar – 1 år igjen
- Jørn Otto Olsen – 1 år igjen

Varaar

Fylgjande varamedlemmer var på val:

Endre Natvik Bukkøy Natvik – tok attval

Kenneth Sæbø – tok ikkje attval

Framlegg frå valnemnda:

Endre B. Natvik og Kjell Mongstad

Varar 2016:

1. vara Kent Inge Strand – 1 år igjen
2. vara Endre Natvik Bukkøy – 2 år
3. vara Kjell Mongstad – 2 år

Val av revisor

Vigdis Ravnøy var på val og tok attval – 2 år

Borgny Leirvåg – 1 år igjen

Val av valnemnd:

Kjell Mongstad var på val og tok ikkje attval.

Framlegg frå valnemnda:

Anita Einen – 2 år

Bjørn Trovåg – 1 år igjen

Val av kasserar:

Heidi Sanden var på val og tok attval – 1 år

Vedtak: Alle vart samrøystes valde.

Årsmøte gav fullmakt til styret til å konstituere seg sjølv. Styret i SIL handsamar ny organisasjonsplan på første styremøte etter årsmøte.

Sak 12.

Realisering av «idrettshus»

Bakgrunn: Frå starten av arbeidet med idrettsparken har det vert tankar om eit klubbhus i tilknytning til fotballbana. Ein har til no konsentrert seg om fotballbane, kunstgras og friidrettsanlegg med tilhøyrande lysanlegg. No nærmar det seg ferdigstilling av dette prosjektet. Ei gruppa av medlemmer frå Solund Idrettslag har tatt initiativ til å prosjektere eit «idrettshus». Ved årsmøte førelåg eit utkast til ei



idéskisse (sjå vedlegg «idrettshus»). Ein representant, Kjell Mongstad, frå gruppa presenterte prosjektet. Presentasjonen vart vedlagt protokollen.

Vedtak: Årsmøtet gav styret i Solund Idrettslag fullmakt til å oppnemne ei arbeidsgruppe for bygginga av eit «idrettshus». Gruppa får fullmakt frå årsmøte til å arbeide frem prosjektet «idrettshus». Gruppa skisserer prosjekt med planarbeid, teikningar og investeringskostnader. Det må også avklarast eigarforhold og byggherre tidlig i prosessen. Dette er viktig i forhold til vidare drift og framtidig vedlikehaldsansvar. Gruppa skal presentere ei plan for finansiering og være aktive i prosessen med å skaffe midlane. «Idrettshus»-gruppa kommuniserer med, og rapporterer til, Solund Idrettslag sitt styre. «Idrettshus»-prosjektet skal vere hovudsatsinga for SIL framover. SIL skal til ein kvar tid ha minst 50 000,- som buffer på sin brukskonto slik at SIL kan oppretthalde og utvikle dagens aktivitetstilbod. Oppsparte midlar skal bli satt inn på sparekonto til prosjekt «idrettshus».

Sak 13. Satsingar i SIL

Kunstgrasbana – Heidi og Kim gav ein kort presentasjon av den noverande situasjonen.

Fjelltrimmen – Solund Idrettslag satsar vidare på fjelltrimmen. Der er gode mogelegheiter for å samarbeide med Ytre Sogn Turlag og eventuelt bruke tur-app for registrering av turar. Dette er eit gratis system. Målet er at SIL får etablert fine postkassar, skilting og fine bøker på alle turane. Det vert jobba vidare med fokus på fjelltrimmen og premiering av spesielt barn og unge samt dei som går alle fjella i løpet av eit år. Målet er 10 000 registrerte turar på fjelltoppane innan 2018. Styret v/Kari Einen har ansvaret for å søkje midlar og jobbe vidare med fjelltrimmen.

Idrettshus – sjå sak 11.

18 hòls diskgolfbane

Kjell informerte om at 18-holsbane er eit tilskot til nærområdet som skal spele på lag med idrettsbaneanlegget og Draumeplassen.

Kari Einen
Sekretær

Underskrifter:

Mark Elvevåg

Nina Engevik